

# SETESDAL REGIONRÅD ÅRSMELDING 2010

Til deg som har interesse av å vite kva vi gjer,  
og er oppteken av å vere med å utvikle dalen

*Gjestfri for nye tankar!*

# 10





## INNHALD

1	Styreleiaren har ordet .....	s 3
2	Årsmelding .....	s 4
3	Godkjenning – årsmelding .....	s 5
4	Kontorarbeid og kapasitet .....	s 5
5	Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar .....	s 5
6	Styret .....	s 6
7	Organisering – samarbeidsstruktur .....	s 8
8	Aktuelle tema og saker anno 2010 .....	s 10
	Regional utviklingsplan for Setesdal 2020	
	FOU – forskarblikk på Setesdal	
	Felles reiselivssatsing	
	Interkommunale samarbeid	
	Helseprosjekt	
	Infrastruktur	
	Kompetanse	
	Høyringsuttaler	
	Aust-Agder Fylkeskommune og Setesdal	
	Setesdal og omverda elles	
	Arrangement i eigen regi	
	Arrangement der regionrådet var samarbeidspart eller medarrangør	
	Prosjekt med støtte frå regionrådet	
	Regionale prosjekt – løyvingar og tiltak	
9	Næringsnytt 2010 .....	s 28
10	Balanserekneskap .....	s 34
11	Driftsregnskap .....	s 35
12	Revisjonsberetning .....	s 37
13	Handlingsplan 2011 .....	s 38

# 1

## STYRELEIAREN HAR ORDET

### SETESDAL – FELLES STEMME OG TALERØYR I SAMFUNNSDEBATTEN!

Setesdal regionråd er det interkommunale organet der det er stutt veg frå ordskifte til handling. I saker der vi einast er det høve til å sette fokus og kraft bak initiativa våre. Denne røysta treng vi stadig oftare å nytte som ein region i distrikta. Vi såg det med NAV-etableringa – og vi ser det med omstruktureringa av politiet i 2010. Det tyder også på at staten held fram med å sentralisere vekk viktige funksjonar og arbeidsplassar – og kan hende er skatteetaten det vi må bruke tid på å føregripe og påverke no i 2011?

### UTVIKLING – STRATEGISKE SATSINGAR!

Arbeidet med eit strategidokument er no i hamn. Arbeidet med oppfølging er starta med konkretiserte satsingar og tiltak i det interkommunale romet.

Helse er eit viktig tenesteområde for innbyggjarar og tenesteytinga i kommunane. Vi har stor tru på at det interkommunale arbeidet som no er etablert, vil medverke til både offensiv og framtidretta utvikling av tenestene til beste for pasientar og brukarar der dei bur. Slik kan vi tilby både robuste og interessante arbeidsplassar framover. Eg meiner at moglegheitene er fleire om vi er gode til å samhandle med kvarandre – geografisk og mellom forvaltingsnivåa. Året vi er inne i no vil syne om vi evnar å vere både innovative og samhandlande lokalt og regionalt.

### SETESDAL – EIT AKTIVUM FOR LANDSDELEN!

Overskriftene i årsmeldinga reflekterer det vi har særleg merksemd på. Aktiviteteten borgar for at vi er på offensiven! Vi er og arealrike og har ressursar som er attraktive utover Setesdal. Og vi bidreg til utvikling av landsdelen direkte og indirekte gjennom massiv energiproduksjon.

Åleine er vi små og fleksible. Men og sårbare. Moglegheitsromet ligg i at vi evnar å ta del i samfunnsutviklinga og få del i den veksten som landsdelen opplever. Det fordrar at vi er opne og inkluderande – og at regionale grep blir nytta for å styrke funksjonar der vi kan vere med å yte inn i fellesskapet! Og det fordrar at vi evnar både å omstille oss og vere opne for nye måtar å aktivere våre fortrinn på.

### PRIORITERTE OG GRUNNLEGGJANDE UTFORDRINGAR SOM KREV REGIONALE GREP

Mi og styret si hovudutfordring er folketalsutviklinga.

Vår største oppgåve er å sikre at det er vekst og framgang i alle delar av regionen.

I det ligg det ønske om aksept for å legge til rette for attraktive bustader og godene med landlivet – for fastbuande og fritidsbuarar. At det er gode høve for næringsutvikling og fokus på breidde i etablering av kompetansemiljø og funksjonar hit når nye verksemder skal lokalisast.

Desse utfordringane evnar vi ikkje å løyse uten drahjelp frå regionale og nasjonale styresmakter – og godt politisk handverk.



Bjørn Ropstad

STYRELEIAR

# 2

## ÅRSMELDING

Styret legg med dette fram årsmeldinga for Setesdal regionråd for driftsåret 2010.

### ARTEN OG INNHALDET TIL VERKSEMDA

Setesdal regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Regionrådet er sjølvstendig rettssubjekt. Valle er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

### FORMALIA – FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd – vart lagde fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte fundamentet i 2007.

### FRAMHALD AV DRIFTA

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld. Styret konstaterer at drifta for 2011 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerkte midlar frå kommunane til verksemda. Fylkeskommunen medverkar og gjennom løyving i samsvar med konsesjonskraftavtale med kommunane og med rammeløyving til regionalt næringsfond frå Regionalt utviklingsprogram / KRD-midlar.

### ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontor og nødvendig utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2010. Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

### ØKONOMI OG RESULTAT

Styret legg fram rekneskapan for 2010. Rekneskapan er førd i Valle kommune og revidert av Setesdal revisjonsdistrikt IKS. Styret meiner at årsrekneskapan gjer eit dekkande bilete av stillinga og resultatet til verksemda. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapan for 2010. Den framlagde rekneskapan for Setesdal regionråd viser eit ordinært resultat på kr. 2.532.513,20 og eit rekneskapsmessig resultat på kr. 0,-. Endringa i behaldning reflekterer m.a. at det vart sett av 1,5 mill. til Rv 9, og at det er pengar som er bundne opp i løyvingar og prosjekt som er sette i gang. Styret rår representantskapet til å vedta rekneskapan for verksemda for år 2010 som framlagd.

### HANDLINGSPLANEN FOR 2010

Ved inngangen til året hadde styret og representantskapet prioritert dette som gjeremål:

- Tilsetjing av reiselivskoordinator og utvikling av tiltak i tråd med Visit Setesdal
- Vidareføre stønad til igangsette regionale fellesprosjekt (folkemusikk, næringshage)
- Turistisk infrastruktur, mellombels driftsstønad og utviklingsmidlar
- Utviklingsplan, prosess og gjennomføring – utforming av plandokumentet
- Helsesatsing – OSS og fleire ulike tema-prosjekt innanfor helse
- Kompetansetiltak – desentralisert sjukepleiarutdanning og andre tilbod
- Riksveg 9 – planlegging – utbyggingsreserve, pådrivar restutbygging
- IKT-samarbeid – gjennomføring – formalisering
- Næringsutvikling, næringsfond – oppfølging av næringslivet og tiltaksarbeidet
- Fleirbruksplan for Otra – fylkesdelplan (jf. Vassdirektivet)
- Regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
- Interkommunalt samarbeid om overordna arealplanlegging

### MÅLOPPNÅING

Styret vurderer at ein har arbeidd i samsvar med prioriterte gjeremål i 2010. Det er arbeidd aktivt med pkt 1-10. Pkt 11 er primært følgt opp av aktuelle kommunar, men med orienteringar og styredrøftingar. Pkt 12 er følgt opp gjennom at det er sett i gang eit arbeid i 2011.

### SAKSOMFANG

I 2010 hadde styret 73 vedtakssaker til handsaming. Det vart lagt fram 24 saker til orientering / drøfting, 165 referatsaker og det var 36 delegasjonssaker.

# 3

## GODKJENNING – ÅRSMELDING

I styremøte 19. mai 2011 vart årsmeldinga handsama, styresak 60/11. Rekneskapan vart godkjend i sak 58/11.

Representantskapet godkjente årsmeldinga i møte 9. juni 2011, sak 3/11. Representantskapet vedtok rekneskapan som lagd fram av styret, jf.sak 4/11 i same møtet.

# 4

## KONTORARBEID OG KAPASITET

Vi har avdelingskontor i kommunehuset i Bygland for prosjektmedarbeidaren. Valle er vertskommune og kommunehuset er kontorstad for dagleg leiar.

Regionrådet har tenesteavtale for kjøp av sekretærtjenester, arkiv, økonomi, IKT o.a. i Valle kommune.

# 5

## FRAMTIDSUTSIKTER – PRIORITERTE AKTIVITETAR

Budsjettet vidarefører intensjonar om tydeleg fokus på:

- Næringsutvikling
- Riksveg 9
- Helse
- Reiseliv
- Utviklingsplan – oppfølging



# 6 STYRET



*Kay Jeiskelid*  
Kay A. Jeiskelid  
ORDFØRAR BYKLE KOMMUNE



*Olav Mandt*  
Olav Mandt  
VARAORDFØRAR BYKLE KOMMUNE



*Bjørgulv Sverdrup Lund*  
Bjørgulv Sverdrup Lund  
ORDFØRAR VALLE KOMMUNE



*Olav K. Hovet*  
Olav K. Hovet  
FORMANNKAPSMEDLEM



*Knut A. Austad*  
Knut A. Austad  
ORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE



*Eli T. Moe*  
Eli Tomine Moe  
VARAORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE



*Bjørn A. Ropstad*  
Bjørn A. Ropstad  
ORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE



*Nils G. Østerhus*  
Nils G. Østerhus  
VARAORDFØRAR EVJE OG HORNNES KOMMUNE

## OBSERVATØRAR



Laila Øygarden  
FYLKESORDFØRAR



Arild Eielsen  
FYLKESRÅDMANN



Trine Pettersen Grønbech  
RÅDMANN BYGLAND KOMMUNE



Arne Tronsen  
RÅDMANN VALLE KOMMUNE



Tallak Hoslemo  
RÅDMANN BYKLE KOMMUNE



Jens Arild Johannessen  
RÅDMANN EVJE OG HORNNES KOMMUNE



Signe Sollien Haugå  
DAGLEG LEIAR

## 7

ORGANISERING –  
SAMARBEIDSSTRUKTURAR**REPRESENTANTSKAP**

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

For perioden 2010 / 2011 er Bjørgulv S. Lund leiar og Kay A. Jeiskelid nestleiar.

**STYRE**

Representantskapet har valt styret med funksjonstid 2008 til 2011:

For perioden 2010 / 2011 er Bjørn A. Ropstad leiar og Knut A. Austad nestleiar.

**Bykle kommune**

*Ordfører* Kay A. Jeiskelid  
*Varaordfører* Olav Mandt

**Valle kommune**

*Ordfører* Bjørgulv Sverdrup Lund  
*Formannskapsmedlem* Olav K. Hovet

**Bygland kommune**

*Ordfører* Knut A. Austad  
*Varaordfører* Eli Tomine Moe

**Evje og Hornnes kommune**

*Ordfører* Bjørn A. Ropstad  
*Varaordfører* Nils G. Østerhus

**OBSERVATØRAR MED MØTE- OG TALERETT****Aust-Agder fylkeskommune**

*Fylkesordfører* Laila Øygarden med  
*vara fylkesvaraordfører* Oddvar Skaiaa  
*Fylkesrådmann* Arild Eielsen

**Rådmennene i dei samarbeidande kommunane**

Tallak Hoslemo – Bykle  
Arne Tronsen – Valle\*  
Trine Pettersen Grønbech – Bygland  
Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes  
\* Elise M. Kringen kst. perioder av året

**Dagleg leiar, Setesdal regionråd**

Signe Sollien Haugå

**Møtesekretær**

Siri Alice Øvergård

**REPRESENTANTSKAP I IKS**

Styret i regionrådet utgjør representantskap i dei interkommunale selskapa i Setesdal\*:

- Setesdal brannvesen IKS
- Setesdal miljø og gjenvinning IKS
- Setesdalsmuseet IKS /  
Setesdalsmuseet eigedom IKS
- Setesdal revisjonsdistrikt IKS

*\* Bygland kommune har oppnemnt andre representantar til nokre av selskapa. Iveland er og medeigar og har tilsvararande representasjon.*

**RÅDMANNSGRUPPA**

Rådmennene har uformelle samtalar om aktuelle saker før og etter handsaming av styresaker. Rådmannen i Iveland deltek i saker som vedkjem den kommunen, t.d. oppfølging av IKS-saker. Den samla kompetansen i rådmannsgruppa i Setesdal er stor og verdfull i høve til krevjande saksfelt. Ikkje minst er samarbeidet ressurseffektivt ved at ein fordeler saker og førebur drøftingar internt ut frå den særlege kompetansen den einskilde har innanfor ulike fagområde.

**PROSJEKTGRUPPER OG SAMARBEID I 2010**

- «Naturligvis»
- Setesdalskonferansen – programkomité
- Visit Setesdal – Reiselivsforum
- Helse – ressursgruppe

**ADMINISTRASJON – TILSETTE OG FASTE ENGASJEMENT**

Dagleg leiar Signe Sollien Haugå er tilsett i 100 % stilling. Prosjektleiar Ingunn Kile var tilsett i 3-årig prosjekt frå og med oktober 2008. Siri Alice Øvergård tok over prosjektstillinga i 2010. Wenche Tangene vart tilsett som helseprosjekt-koordinator i 50% stilling i 2010. Svein Enersen vart tilsett som reiselivskoordinator 1. kvartal 2010. Dette vart avløyst av tenestekjøp gjennom Hovden Ferie AS frå august 2010. Vertskommunen yter tenester til mellom anna arkiv, økonomi og rekneskap, datastøtte, sentralbordtenester, kontor med reinhalds- og vaktmeistertenester. Setesdal revisjonsdistrikt IKS er revisor for regionrådet.

**REPRESENTASJON, OPPNEMNINGAR, UTSENDINGAR O.A.**

- Agderrådet: Kay A. Jeiskelid
- Bedre stamvei på Sørlandet: Kay A. Jeiskelid
- Evje utvikling, observatør til styret: Signe Sollien Haugå
- Samarbeid Universitetet i Agder (UiA), kontaktperson: Signe Sollien Haugå
- Vassdragsstyret for Nedre Otra, observatør til styret: Knut A. Austad
- Forvaltingsplan for Otra / vassdirektivet: ordførarane er representantar til arbeidsutvalet
- Vassregionutvalet: Bjørn A. Ropstad, vara Knut A. Austad
- NAV Setesdal: rådmennene er i styringsgruppe og representantar i partnerskapsstyret
- Overordna strategisk samarbeidsutval (OSS): Jens A. Johannessen
- OSS, arbeidsutval: helsekoordinator Wenche Tangene
- Krypsivprosjektet: Bjørgulv Sverdrup Lund, 1. vara Knut A. Austad, 2. vara Kay A. Jeiskelid
- Konesjonskraftfondet for Aust-Agder: Tallak Hoslemo
- KOFA, innkjøpsfellesskapet i Agder: Tallak Hoslemo
- Folkemusikkprosjektet, i styringsgruppa: Bjørn Ropstad
- Haukeliseterfestivalen, i styret: Kay A. Jeiskelid
- IKS- valkomité, valperioden: rådmennene
- Strategisk kulturminneplan, Aust-Agder fylkeskommune: Signe Sollien Haugå
- Hovden Ferie AS, observatør Signe Sollien Haugå
- Tingingsdialog UiA – Lister, Lindesnes og Setesdal: Signe Sollien Haugå
- KS Agder – regionrådsutval – daglege leiarar: Signe Sollien Haugå
- LUK – Bulystundersøking – styringsgruppe: Arne Tronsen og Signe Sollien Haugå
- Visit Sørlandet: Destinasjon Hovden v/ Eigil Rian
- Setesdal Informasjons- og kompetansesenter (SIK): Signe Sollien Haugå





# 8

## AKTUELLE TEMA OG SAKER ANNO 2010

### REGIONAL UTVIKLINGSPLAN FOR SETESDAL 2020

Det største arbeidet i 2010 har vore prosess og arbeidet fram mot eit felles dokument. Agnete Rieber-Mohn vart engasjert som prosjekt- og prosessleiar.

I arbeidet med utviklingsplanen definerte vi felles målbilete med tilhøyrande strategiar for arbeidet vårt framover. Dokumentet er og grunnlag for samhandlinga vår internt i regionen mellom kommunane og gjennom regionrådet, men og i høve til fylkeskommunen og regionale aktørar kring oss.

Styret godkjende utkastet til plandokument og utkast til handlingsprogram for 2010 i september 2010. Dokumentet var ute til høyring. Det kom fleire innspel som gav grunnlag for vidare utdjuving. Noko vart og prioritert og innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for 2011.

Det galdt til dømes korleis ein kan arbeide med å sikre seg kompetanse, rekruttere og auke folketallet, og ikkje minst korleis ein kan vere proaktiv når det gjeld plan- og arealforvaltning. Det kom ikkje framlegg til vesentlege endringar. Styret justerte og eigengodkjende difor dokumentet.

### FOU – FORSKARBLIKK PÅ SETESDAL

Regionanalysen frå 2011 vart nytta som delgrunnlag for utviklingsplanen. I tillegg vart tre professorar frå tre ulike fagmiljø engasjerte som eit «ekspertpanel» og fagråd i fasen der ein drøfta strategiar og tiltak. Det var Tor Selstad frå Høgskulen i Lillehammer, Eva Falleth frå Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås og Arnt Fløysand frå Universitetet i Bergen.

Styret løyvde og pengar til følgjeforskning og framtidsverkstad som skulle gjere lokale planperspektiv synlege i Heieplanarbeidet. Mikaela Vasstrøm gjennomførde arbeidet gjennom Agderforskning og Universitetet i København.





*Frå 2010 har vi lagt ressursane til felles reiselivsarbeid til Destinasjon Hovden. Lasse Eidskrem (t.v) er tilsett som destinasjonssjef på Hovden og dagleg leiar for reiselivet i Setesdalssamarbeidet. Her er han saman med tilsette. Vi har særleg fokus på fellestiltak knytt til «Setesdal sommar».*

Gjennom løyving frå Aust-Agder fylkeskommune til det såkalla «LUK- prosjektet» vart det sett i gang ei flyttemotiv- undersøking retta mot til- og fråflyttarar dei siste 2-3 åra. Undersøkinga skal leggje grunnen for konkrete, målretta tiltak for å auke folketalet.

Regionen er deltakarar med Hovdenmiljøet i Arena Usus-prosjektet, og det er arbeid med å få til eit VRI-Agder-prosjekt innafør kultur- og opplevingsnæringane i Setesdal.



*Anne Lene Dale – ny leiar for Agderforskning – og Kirsti Hjemdal som leiar for Arena Usus og Vri- kultur – og opplevingar – var på rundtur i dalen for å møte aktørar og verte kjende med nøkkelpersonar, attraksjonar, lokale tilhøve osv. Her saman med Tim Davis (TrollAktiv) og Vegard Hansson (Mineralparken). Orientering om dei sitt fellesprosjekt Klatreskogen på Evje.*

### FELLES REISELIVSSATSING

Forprosjektrapporten Visit Setesdal la grunnlaget for etableringa av felles satsing i 2010. Vi prøvde først tilsetjing av reiselivskoordinator i regi av regionrådet. Arbeidsforholdet vart stutt – og for å få til ei betre ordning med fleire fagfolk å spele på, kom ein fram til at ein ville vere tent med å hente tenester via Destinasjon Hovden AS (DH). I andre halvår vart Lasse Eidskrem tilsett som ny dagleg leiar for DH og ansvarleg for samarbeidsavtalen med regionrådet («Setesdalssamarbeidet»). Det vart oppretta ei ressursgruppe «Reiselivsforumet». Forumet har rådgjevande funksjon i høve til planlegging, gjennomføring og ikkje minst prioritering av ressursane som regionrådet yter. Dagleg leiar vart og oppnemnd som observatør til styret i verksemda. Styreleiar Eigil Rian har løfta og fått fram ei fellesskapskjensle og vilje til felles profilering og organisering frå nord til sør i dalen.

Både reiselivsorganisasjonane, verksemdene og det offentlege er i ferd med å finne ei felles arbeidsform. Setesdal og Hovden har og vorte tydelege i landsdelsorganiseringa av reiselivet, i Visit Sørlandet.



### INTERKOMMUNALE SAMARBEID

Styret har gjennom året hatt fleire saker som rører ved prinsippdrøftingar om eigarskap, styring, rolle og ansvar. Det gjeld både prosjekt og samarbeid som alt er i gang, og oppretting av nye tiltak.

#### IKS og interkommunalt samarbeid – prinsipp og drøftingar

Setesdalsmuseet fekk avrekna avvik og aktivitetsauke etter grundige drøftingar med eigarkommunane og fylkeskommunen. Det vart utarbeidd ny nøkkel for avrekningsmodell – og innarbeiding av deflator-prinsipp. Museet starta arbeidet med å gå gjennom avtaleverket.

Brannvesenet gjennomførde eigenevaluering. Det var og drøfting administrativt og politisk om leasing eller kjøp av nye brannbilar utanom budsjett. I samband med dette såg ein at selskapsavtalen og kostnadsdelinga mellom eigarane måtte endrast. Rådmennene gjekk inn for 40/60 deling (flatt-fast / variabel i høve til lokale, differensierte tenester). Det vart og føreslege at ein bør ha slik evaluering og vurdering av kostnadsdelinga kvart 4. år.

SMG ønskte utbygging av eit mellomlager på Syrtveit. Styret ville ha synfaring og drøfting av alternative løysingar med Returkraft.

Revisjonskostnader: Rådmannsgruppa fekk i oppdrag frå representantskapet i selskapet å greie ut kostnadsnivået i selskapet det er naturleg å samanlikne seg med. Ein fann at ordninga og kostnadsnivået var som ein kunne vente i høve til tenesteytinga. Representantskapet i verksemda slutta seg til denne vurderinga.

Prinsipp for avrekning ved frikjøp av tilsette til interkommunale prosjektstillingar: Rådmannsgruppa utforma prinsipp for dette i samband med tilsettingar i deltidsstillingar i helseprosjekta 2010.

### Setesdal IKT-teneste

Dette året vart forprosjektet slutført. Prosjektet vart leia av Kjell Pedersen-Rise. Tilsette var involverte i prosjektgruppe med utvikling av forprosjekt. Rådmannsgruppa var styringsgruppe og Tallak Hoslemo var prosjektansvarleg.

KS Advokatane vart engasjerte i arbeidet med val av organisasjonsmodell og avtaleutforming. Ein konkluderte med etablering av samarbeid etter kommunelova §27 nr 2. Undervegs vart det gjennomført fleire møte med tilsette innafor IKT for å informere og drøfte. Kommunestyra slutta seg til framlegget før årsskiftet 2011.

### NAV Setesdal

Rådmannsgruppa har lagt mykje ressursar i oppfølging av partnerskapet med NAV stat. Det er arbeidd med tilsetting av ny dagleg leiar. Eivind Kile vart tilsett. Han sa opp att og det vart etablert mellombels løysingar med delt leiing blant dei andre tilsette. I 2010 har styringsgruppa mellom anna arbeidd med etablering av rutinar, delegasjonar, målekort og fokus på å få til balansert og fagleg tenesteyting i høve til brukarane. Ein er ikkje nøgd med utviklinga av ressursdelinga mellom stat og kommune og at staten stadig reduserer talet på stillingar i Setesdal. Så langt opplever ein ikkje at det er likeverd i partnerskapet.

### Pedagogisk- psykologisk teneste

Samarbeidet vart etablert i 1972. Rådmannsutvalet arbeidde med fornying av avtalen og rekruttering via vertskommunen Valle i samband med at Olav Åkre skulle verte pensjonist.

Samarbeidsavtale om pedagogisk – psykologisk teneste vart drøfta og justert i 2010. Samarbeidet er såkalla administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-b. Kommunestyra godkjende dette. Det vart og inngått samarbeidsavtale med Sørlandet kompetansesenter for å følgje opp tilsette fagleg.

### Krisesenter- ordning

Det vart arbeidd med å få avtale om å kjøpe tenester av Kristiansand kommune for å ha gode tilbod for barn og kvinner – og menn, i samsvar med nye lovkrav.

### HELSEPROSJEKT

Forstudierapporten som greidde ut viktige område for vidare samhandling mellom kommunane vart lagd fram i desember 2009. Representantskapet godkjende rapporten og tilsettinga av Wenche Tangene som prosjektkoordinator i deltidsstilling. Tilsettinga har hatt stor effekt og gjort helseprosjektet meir synleg, auka kapasiteten og betra resultatet. Ho og dei andre prosjektleiarane for delprosjekta har brukt året 2010 særst godt.

Det vart etablert ein prosjektstruktur der styret i regionrådet er prosjekteigarar, med dagleg leiar som prosjektansvarleg og med dagleg leiar og rådmennene som styringsgruppe for helseprosjekta. Kwart prosjekt har eigen prosjektleiar og prosjektgruppe med fagfolk frå kommunane – og andre.

Forstudierapporten tilrådde vidare arbeid med:

- Fokehelse og førebyggjande arbeid
- Tverrfaglege, ambulante team (innafor demens)
- Psykisk helse og rus
- Forsking og utvikling innafor dokumentasjon i pleie- og omsorgstenestene
- Rehabiliteringsarbeid gjennom deltaking i sjukehusprosjektet Områdeplan for rehabilitering
- Strategisk satsing på IKT

Føremålet med prosjekta er å medverke til at innbyggjarane våre får tilgang til stablie, gode helsetenester. Dette kan realiserast gjennom at kommunane i lag finn framtidssrette måtar å løyse pasientutfordringar og tenesteoppgåver på. Vi ønskjer å fokusere på dette for å kunne tilby interessante arbeidsplassar gjennom fagleg utvikling og rekruttering til fagmiljø gjennom lengre tid.

### DELPROSJEKT

#### Demens

Bjørn Harald Hagen vart tilsett som demenskoordinator i 30 % stilling. Han starta arbeid med å etablere demensteam med fagpersonar frå kommunane. Teamet utvikla rutiner og førebudde skule for pårørande (iverksett i 2010/2011).

#### Rutinar og sjukepleiardokumentasjon

Grete Vabo har arbeidd med aksjonsforskning gjennom å kartleggje og implementere rutinar knytte til medikamenthandtering og prosedyrar. Målet er å sikre gode rutinar og forsvarleg drift i alle ledd. Det er og arbeidd med IKT og programvare i prosjektet.

#### IKT

Katrine Homdrum har vore prosjektleiar for IKT-helse-prosjektet. I forstudien vurderte ein systemløysingar innafor helsefeltet og korleis ein kunne sjå føre seg ny teknologi, som e-helse, telemedisin, telebasert tilsyn osv. Gjennom å ta i bruk IKT er målet å byggje opp og leggje til rette for at distrikta kan få gode dataløysingar. Dette vil kunne auke tryggleiken for pasientane, gje meir effektiv behandling og vere verktøy for kompetanseutveksling. Ikkje minst vil det vere viktig for å utveksle meldingar og samhandling mellom kommunane, tverrfagleg og i høve til spesialisthelsetenestene. Satsinga samsvarar med handlingsplan for Nasjonalt Meldingsløft.

#### Rus og psykiatri

Kjersti Plathe er prosjektleiar for prosjektet. Gjennom KS fekk kommunane pengar frå ordninga «Flink med folk i første rekke» til dette. Siktemålet var å etablere tverrfagleg samarbeid i regionen og utforme løysingar og pasienttilbod innafor psykisk helse og rus.

Prosjektet er tett knytt til Sørlandet sjukehus, Distriktsmedisinsk senter Aust-Agder (DPS), avd. Byglandsfjord. Det er også lagt vekt på å ha brukarrepresentasjon i prosjektet. Ein drøftar mellom anna å starte eit kompetansesenter for psykisk helse og rus i tilknytning til DPS avd. Byglandsfjord og styrking av det lokale rusarbeidet.





*Samhandlingsreformen og eldrebølge. Vi vil trenge fleire «varme hender» og må sikre kompetanse innfor helsesektoren framover. Universitetet i Agder gir desentralisert sjukepleiarutdanning til Setesdal, Lister og Lindesnes. Setesdal vidaregåande skule er undervisingsstad. Tiltaket er støtta av kompetansefonda i Aust- og Vest-Agder. I praksis; 2. års student Joyce Moseid i lag med Ingebjørg Lande på Byglandsheimen.*

#### **Dermatologi (hud)**

Stein Vabo har hatt det lokale ansvaret for dermatologi-prosjektet. Bodil Bach i Nasjonalt senter for samhandling og telemedisin har vore prosjektleiar. Det er eit pilotprosjekt innfor bruk av telemedisin for å sikre samhandling rundt hudpasientar i Setesdal. Føremålet er å få til gode, rimelegare og meir effektive undersøkingar, behandling og oppfølging av pasientar med hudsjukdomar i regionen. Det er installert og teke i bruk telemedisinsk utstyr i Bykle kommune (i samarbeid med Valle kommune) og hos Kristiansand Hudklinikk. Utstyr er prøvd ut gjennom praktiske konsultasjonar mellom lokalt legekontor og spesialist. Norsk helsenett, Nasjonalt senter for samhandling og telemedisin og teknisk personell hos aktørane er involverte. Senter for eHelse og omsorgsteknologi under UiA er samarbeidspart for regionen når det gjeld e-helse og bruk av ny teknologi.

#### **Områdeplan for rehabilitering**

Ingvild Shani-Norheim har delteke i prosjektgruppe under Sørlandet sjukehus i lag med Aslaug Simonstad Sitje frå Bygland og Kenneth Fyhn frå Evjeklinikken.

#### **Folkehelse**

Prosjektet vart innretta som forstudie til Distriktsmedisinsk senter for Indre Agder. Prosjektplan for forstudie og søknader om finansiering vart utarbeidde i 2010.

#### **Felles kommuneoverlege**

Det vart føreslege å etablere felles kommuneoverlege. Det vart arbeidd mykje med å få dette til, men ein lukkast ikkje med felles etablering.

#### **Helsedialog – overordna strategisk samarbeidsutval (OSS)**

Samarbeidsutvalet vart oppretta hausten 2006 for å vidareutvikle den overordna samarbeidsavtalen mellom dei 30 kommunane i Agder / KS og Sørlandet sjukehus SF. Utvalet skal leggje til rette for tenleg og formalisert samarbeid mellom kommunane og sjukehuset og er ein viktig arena for dialog mellom sjukehuset og kommunane. Utvalet arbeider med utvikling av utskrivingsrutinar og meir strategisk utvikling av samarbeid innfor tema som kompetanse, FoU og samarbeid mellom partane. Utvalet arbeider med prinsipielle tilhøve som økonomi, fagleg administrative grensesnitt og samhandling til beste for pasient og brukar. Utvalet har oppretta fleire arbeidsgrupper for utdjujingar av tema. Wenche Tangene representerer regionen i OSS-arbeidsutval, medan Jens Arild Johannessen er vår representant i OSS.





*St.prop 50 (2001-2002) starta opprustinga av rv 9. Ei ny «Setesdalspakke for samla restutbygging» må vere på plass for å kome vidare etter at parsellen Tveit - Krokå / Langeid er rusta opp. Målet vårt er gul midtstripe innan 2020.*

## INFRASTRUKTUR

### Riksveg 9

Vegvesenet har møtt og orientert styret om utbygginga av Langeid-parsellen, om andre tiltak innafor ramma av planprogrammet, rassikring og mindre tiltak. Vegvesenet har streka under at det er viktig å ha planreserve. Styret har ved fleire høve drøfta restutbygging og finansiering av det ut frå konsesjonskraftavtalen mellom fylkeskommunen og kommunane.

Det er etablert stamveggrupper til dei ulike prioriterte prosjekta, m.a. ei for rv. 9. Gruppa har representasjon frå Vegvesenet, fylkeskommunen, Agderrådet ved stamvegaksjonen og regionrådet. Gruppa har Kay Jeiskelid som leiar.

Gjennom året har prioriteringa mellom parsellar og arbeidet med å sikre kontinuitet i planlegging og utbygging jamleg vore grunnlag for drøfting.

I 2010 utarbeidde vi eit utkast til konseptskisse for samla restutbygging av rv 9. Skissa er drøfta og utforma som hjelp til førearbeida som vegstyremaktene gjer når dei formar ny Nasjonal Transportplan, og rutevise rapportar på stamvegnettet.

Bompengefinansiering og gap i finansiering av parsellen Krokå-Langeid vart drøfta ved årsskiftet.

Styret løyvde og pengar til kulturminnekartlegging for å sikre fart på planlegging og trafikktryggingstiltak på Frøysnes.

Rv. 9-gruppa og leiinga i Aust-Agder fylkeskommune har arbeidd mykje for å sikre kontinuitet og samla restutbygging. Vi har drive aktivt påverknadsarbeid politisk overfor stortingsrepresentantar, komitemedlemer og samferdsleminister. Det har og vore drøftingar m.a. med Aksnes og staben i Vegdirektoratet. Gjennom dette har vi og fått viktige råd i prosessen gjennom året.



*Møte med samferdsleminister Magnhild Meltveit-Kleppa, Kay Jeiskelid (leiar av rv 9-gruppa), Knut Austad (ordførar Bygland), Oddvar Skaiaa (leiar av stamvegaksjonen) m.fl.*

Vi opplever at rv. 9 har aksept som prioritert prosjekt for landsdelen saman med E 18 og E 39. Det er gjennomgåande og stort engasjement og vilje frå dei vi samarbeider med for å medverke til at vi får samla restutbygging og gul midtstripe innan 2020.

### Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Iveland tok initiativet til å utarbeide felles sårbarheitsanalyse. Rådmennene gjekk inn som styringsgruppe etter ønske frå representantskapet. Eigil Mølland var prosjektleiar og koordinerte både ekstern konsulent og faggrupper frå kommunane og utforming av saksframlegg som følgde saka til kommunestyra.

### Trådlause IP – soner

Ordninga vart forlenga gjennom reforhandling av avtalen med leverandøren.

### Bannerprosjekt og profilering langs rv. 9

Tiltaket er vidareført gjennom finansiering frå eigne midlar etter at ordninga med kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift vart avvikla.





*Tina Høgevoid er ein ressursperson for utvikling av næringslivet i Setesdal på fleire plan. Ho driv egne verksemder – Bleieboden og Bergtun i Valle – i lag med mannen Knut. Ho er nøkkelperson i Kvinnenettverket, redaktør for facebooksidea til «Næringslivet i Setesdal», sentral i planlegginga av i Setesdalskonferansen og pådrivar for ymse kompetansetiltak for næringslivet for å nemne noko!*

## KOMPETANSE

### Desentralisert sjukepleiarutdanning

Dagleg leiar har følgd opp prosjektet i samarbeid med Lindesnes – og Listerregionen vs Universtitetet i Agder (UiA). Setesdal vidaregåande skule har tilrettelagt for praktisk gjennomføring og overføring av undervisninga i auditorium på Hornnes. Avtalen med UiA vart reforhandla og meirkostnadene som regionane var forbudde på å bere, vart reduserte monaleg.

### VOX – basiskompetanse for næringslivet

Connie Barthold i Evje Utvikling vart engasjert til å utarbeide prosjektplan og søknad om løyving til å sette i gang opplæringstiltak i 5 verksemder og kartleggje inntil 30 nye med tanke på eventuell vidareføring og nye opplæringstiltak. Søknaden vart imøtekomen, og prosjektleiaren organiserte prosjektet. Setesdal vidaregåande skule utførte sjølve undervisninga i samråd med verksemdene.

Så langt har ein berre hausta gode tilbakemeldingar på opplegget, og det er søkt om løyving til ny runde med nye verksemder. Også denne søknaden vart imøtekomen, og ein vil starte gjennomføring i 6 nye verksemder. Det er også pengar til å prøve å rekruttere fleire verksemder med tilsette som ønskjer deltaking.

### Kvinnenettverk – Stolte handelskvinner i Setesdal

I samband med Setesdalskonferansen 2009 kom det fram ønske om etablering av eit nettverk for kvinnelege leiarar i næringslivet. Connie Barthold tok ansvar for prosjektleiing og fasilitering av nettverket gjennom Evje Utvikling og regionrådet.

Nettverket fekk i gang fleire kompetansetiltak og gjennomførde månadlege samlingar med deltakarar frå heile dalen. Det har vore i alt 11 samlingar i 2010. Deltakarane er kvinner frå 28 ulike bedrifter i regionen. Tema som er tekne opp er t.d. rettar og plikter ved sjukefråver (IA-avtalen, 3\*3 kveldar med Regnskapets ABC, marknadsføring og sosiale medium.



*Kvinnenettverket blir fasiltert av Connie Barthold.*

Kvinnenettverket tok og opp ønske om å etablere eit felles marknadsføringsprosjekt «Stolte handelskvinner i Setesdal». Det vart søkt om eksterne pengar for å utvikle felles logo og profil, nettside og statuttar for eit humørfyllt marknadssamarbeid mellom verksemder. Dersom det let seg finansiere, vil ein arbeide vidare med dette i 2011.

### Plan for felles kompetansetiltak

Vinteren 2010 vart det utarbeidd ein felles prosjektplan på kompetansehevande tiltak retta mot næringslivet med planlagt gjennomføring i 2011 og 2012. Planen omfatta og ønskjelege kurs og kompetansetiltak (etter – og vidareutdanning) retta mot kommunane. Ein såg trong for noko grenseovergripande mellom nærings- og tiltaksapparat, Kompetanse på vegen, NAV osv. og koordinering av tingingar med UiA og andre utdanningsinstitusjonar.

Planen legg opp til å samordne opplærings- og kompetansetiltak i regionen via Setesdal vidaregåande skule, og med fleire ulike leverandørar av kurs og opplæring. Styret slutta seg til planen.





*Politi i distrikt står høgt på den politiske agendaen! Lensmann Sigrud Langeid og bemanninga i dei lokale lensmannskontora borgar for tryggleik.*

## HØYRINGSUTTALAR

### Felles plan for folkehelse og levekår i Agder 2010-2013

Styremedlemene er opptekne av korleis ein skal organisere folkehelsesatsinga i lys av samhandlingsreforma. Rolledelinga mellom kommunane overfor spesialisthelsetenesta er eit anna viktig tema. Ein var særleg positiv til at fylkeskommunane fokuserte på ungdom. Det vart og sagt frå om at regionen har ønske om å vere aktiv i partnerskap og i utvikling av tenester innafør feltet. Helseturisme, livsstilsrelatert arbeid, helse og idrett, ernæring og psykisk helse, born og ungdom osb., er viktige stikkord. Det kom og fram ønske om at fagmiljø og fortrinn som Setesdal har vert nytta for å omsette visjonane til handling, aktivitet og gode tenester.

### Ny politistruktur

Styret i regionrådet reagerte sterkt både på prosessen bak og framlegget frå politimeisteren si styringsgruppe om ny struktur i Agder politidistrikt. Rapporten som vart lagd ut til høyring skisserte nedlegging av lensmannskontor. Styret fann ikkje vektige grunnar til strukturendringar og støtta seg m.a. til politifaglege vurderingar frå dei tillitsvalde lokalt. Dei bad om vurderingar av effektar på kort og lengre sikt når det galdt tryggleik, kompetanse og økonomi og det å vere nær og synleg.

Noko av uroa gjekk på å sikre kompetanse og mannskap både til fastbuande og deltidsbusette. Ein var oppteken av å kunne ha beredskap og kapasitet i tider med stort trykk i kombinasjon med vesentlege avstandar. Styret fekk orientering frå Kirsten Lindeberg og fleire, og kom med felles uttale. Kvar kommune vart oppmoda til å gjere det same. Styret understreka at ein ligg under nasjonalt snitt for politidekking i regionen.

Ein peika også på at ein har levekårsutfordringar og ein langstrekt geografi som snarare tilseier styrking av polititenesta i distriktet. Ein uttala og at ein venta kontinuerleg vurdering og tilstrekkeleg disponering av ressursane med vaktordning og kompetanse tilpassa situasjonen i Setesdal.

### Regionalplan Kristiansandsregionen 2010-2050

Fylkeskommunane og Kristiansand kommune hadde gjennom Areal- og transportutvalet (ATP-utvalet) lagt ut ein overordna arealplan for Kristiansandsregionen, der areal og transport stod sentralt. Styret kom med uttale og understreka kor viktig riksveg 9 er som transportåre frå kontinentet via hamna i Kristiansand. Det vart også understreka kor viktig aksa er for å binde landsdelen saman. Ein oppmoda til å få fram felles prioriterte prosjekt (E 18-E 39 og rv. 9) som føring for lokal utvikling av infrastruktur. Ein tok og opp kollektivtrafikken med ekspressbuss og knutepunktfunksjonane som ligg i Kristiansand.

### Kommuneplan for Evje og Hornnes 2010-2021

Styret uttrykte mellom anna at det er svært viktig både for kommunen og regionen at Evje har ei positiv utvikling og vekst. Kommunen vart oppmoda til å leggje større vekt på utviklingsplanen når det galdt funksjonar og tenesteutvikling knytt til regionsentertanken. Styret bad og kommunen om å vere tydelegare på si rolle som deltakar i setesdalsregionen. Kollektivknutepunkt, reiseliv og anna vart teke opp.

### «Eit godt varp» – strategisk kulturminneplan for Aust-Agder

Dagleg leiar ved Setesdalsmuseet og dagleg leiar i regionrådet var med i prosjektgruppa som utforma utkastet til strategisk kulturminneplan. Styret slutta seg til planen og ambisjonane der det vart understreka at fleire av tiltaka underbyggjer og harmonerer med regionen sine ønske innafør regionutvikling, kulturbasert næringsutvikling og reiseliv – og ikkje minst omdøme- og merkevarebygging.



Ein streka under at det er viktig å få etablert kompetansesenter innafor bygningsvern og aktuelle oppfølgingar i kommunane, innafor mineralogi, samferdsle, bygningsvern og kulturhistorie knytt til heiane.

Styret streka under at Setesdal har ein unik rikdom knytt til den immaterielle kulturarven. Det gjeld innafor språk, musikk og handverk, og det er med på å gje landsdelen sin eigenart. Styret utfordra fylkekommunen til å ta neste steg med utarbeiding av strategisk kulturminneplan også for denne delen av kulturarven.

#### Oppretting av Vassregionutval Otra

Styret synte til tidlegare uttalar som følger som vedlegg i saka – og seinast til vedtak datert 15.09.2009 – der ein var sterkt kritisk til planarbeidet si smale tilnærming og uavklåra tilhøve til andre sektorlover osv. Fråsegnen frå styret understreka at oppnemninga av representantar måtte sjåast som ein måte å halde fram med å ta opp att desse problemstillingane i utvalsarbeidet. Styret oppnemnde styreleiar Bjørn Ropstad som representant til Vassregionutvalet med nestleiar i styret, Knut A. Austad, som vararepresentant.

#### AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE OG SETESDAL

Aust-Agder fylkeskommune har fokus på Setesdal både direkte gjennom deltaking i regionrådet, løyvingar til ymse prosjekt i regionen, drift av Setesdal vidaregåande skule – og ikkje minst gjennom samhandling i viktige saker. Dei har også politisk engasjement og er administrative pådrivarar når det gjeld riksveg 9, oppfølging av reiselivsutviklinga på Hovden, gjennom engasjement via Aust-Agder næringssselskap i næringsutviklingsprosjekt osv.

Av årleg formell utveksling av ønske og prioriteringar er uttale til handlingsprogrammet ei viktig sak for regionrådet.

#### Fylkesplanen sitt handlingsprogram 2010

##### – ønske frå oss:

I uttalen, sak 70/09, ba styret Aust-Agder fylkeskommune fokusere på desse utviklingsprosjekta hjå oss gjennom løyvingar, kompetanse eller andre ressursar for aktiv oppfølging i 2010:

- Riksveg 9 – konseptutvikling – samla restutbygging
- Fleirbruksplan for Otra – fylkesdelplan jf. vassdirektivet
- Visit Setesdal – fellestiltak
- Regionale næringsutviklings- og kompetanse-tiltak, bransjeprosjekt og liknande i regi av regionrådet og lokalt tiltaksapparat / Setesdal næringshage
- Regionalt profilerings- og tilflyttingsprosjekt
- Rekruttering, kompetanseprogram, landbruk, mat
- Kulturbasert stad- og næringsutviklingsprosjekt med regional og nasjonal karakter
- Synleggjering, omdømebygging, attraksjonskraft
- FOU inn i utvalde bransjar – t.d. reiseliv
- Desentralisert utdanning

#### Oppfølging og resultat

- Rv. 9: Det er arbeidd aktivt med rv. 9 heile året. Fylkeskommunen har medverka aktivt i både påverknadsarbeid og tilrettelegging for å få i gang parsellvis utbygging og å få på plass ei samla restutbygging. Dette er gjort m.a. gjennom å gå inn for forskotteringsavtale av konsesjonskraftmidlane.
- Attraktivitet og bulyst: Fylkeskommunen fremja bulyst-søknad for såkalla LUK- midlar frå KR. Søknaden vart ikkje imøtekommen i KR, men prosjektet kom i gang gjennom finansiering frå fylkeskommunen.
- Setesdal vidaregåande skule ved rektor var aktivt med i planarbeid for eit samordna kompetansehevingstilbod som som vart lagt fram for styret i 2010.
- SVG er teknisk arrangør for sjukepleiarstudium med tilsvarande undervisning på Byremo og i Flekkefjord. Skulen gjev også undervisningstilbod om basiskompetanse i næringslivet, såkalla VOX-opplæring.

#### Regionplan Agder 2020

Planen vart endeleg godkjend i fylkestinget i april 2010. Mange av momenta som vart nemnde, kom med i det endelege plandokumentet. Den regionale utviklingsplanen for Setesdal er forma med tanke på fylkesregionplanen, og med referansar der det er direkte kopling mellom tiltak.

#### Fylkesdelplan Setesdal Austhei, Vesthei – Ryfylkeheiane

Styret har ved fleire høve gjeve uttrykk for uro i høve til prosessen og innhaldet og etterlyst møte med prosjektleinga. Bykle, Valle og Bygland kommunar har arbeidd aktivt med dette, og orientert styret i fleire omgangar.

#### Konsesjonskraftavtalen

I Aust-Agder har dei ti kommunane med rett til konsesjonskraft saman med fylkeskommunen eit felles fond for forvaltning av konsesjonskraft. Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder (KAA) vart etablert i 1984, og er eit eineståande samarbeid i norsk samheng. Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder arbeider for å sikre gode, stabile inntekter og grunnlag for utvikling av næring og infrastruktur i regionen vår. Inntektene er svært viktige for regionale prosjekt.

I møte 28. august 2008 vart partane gjennom forhandlingsutvalet samde om ny avtale for fordeling av konsesjonskraftinntekter. Avtalen tok til å gjelde frå 2010. Avtalen gjeld mellom anna 10 millionar årleg dei neste 10 åra – til saman 100 millionar til utbygging av riksveg 9 og 4 millionar årleg dei neste 10 åra til regionrådet. Denne avtalen er svært viktig for å få statlege midlar til restutbygginga av vegen, og for å kunne underbyggje regionutvikling og samarbeidstiltak over kommunegrensene. Løyvinga er viktig for å halde høgt aktivitetsnivå og ha handlingsrom for styret til å ta regionale initiativ.

#### SETESDAL OG OMVERDA ELLES

##### Universitetet i Agder (UIA)

Ein kom til at det ville vere tenleg å sjå på kompetansebehov i samarbeid med Lister og Lindesnes for å sikre rekrutteringsgrunnlag for desentraliserte tilbod både innafor profesjonsutdanningar og kurs og modular retta mot etter- og vidareutdanning. Det vart sett i gang eit arbeid med kartlegging av kompetansebehov. Dette skal utgjere eit grunnlag for prioriteringar og drøfting av tilbod frå UiA i åra som kjem.

##### Stortinget – Agderbenken

Regionrådet hadde frukostmøte med Agderbenken i Oslo 21. oktober 2010.

Hovudsaka for møtet var rv. 9.

Heieplanen og uro for lokalt handlingsrom og arealforvaltning vart også teke opp. Stadig nye føringar om nasjonale omsyn, saman med summen av restriksjonar gjennom ulike riks-politiske retningslinjer og særlover, opplever ein i realiteten tilsvarar varig vern.

Det vart orientert om synet på konsesjonen til utbygging av Brokke nord-sør. Ein var og oppteken av bioenergi-satsinga og kompetansetilbodet lokalt.

Det har og vore fleire møte med ulike representantar og komitémedlemar på Stortinget om rv. 9 dette året.



**ARRANGEMENT I EGEN REGI****Setesdalskonferansen 2010**

Setesdalskonferansen vart skipa 15.-16. april 2010 på Sølvgarderen hotell. Konferansen fokuserte i år m.a. på reiseliv, næringspolitikk og strategisk regionutvikling, Doffin- og andre innkjøp, sosiale medium og presentasjonsteknikk.

**ARRANGEMENT DER REGIONRÅDET VAR SAMARBEIDSPART ELLER MEDARRANGØR****FRAMTIDBYGDA** – 13. august

**NATURLIGVIS** (Landbrukets dag)  
Ejemoen 13.-15. august.

**SETESDALSGILDET**, støtte til arrangementet, premiar til kåringar og kick-off med «bonde møter kokk» som eitt av tiltaka i prosjektet «Smaken av Setesdal» som vil kome i gang i 2011.

**SETESDAL COLOR LINE TOUR**

**KARRIEREDAGANE** ved UiA, stand – sjukepleie og pleie- og omsorg ved Karit Thorbjørnsen frå Valle kommune og Wenche Tangene

**RETURKRAFT** – synfaring 18. mai – styret og andre.

**HEIMTESAMLING**, kommunane deltok i Heimtesamling i Oslo 28. oktober i regi av Kompetanse på vegen.

**PROSJEKT MED STØTTE FRÅ REGIONRÅDET**

Regionrådet gir årleg støtte til nokre prosjekt i avgrensa prosjektperiode. I 2010 fekk desse slik støtte:

- Folkemusikkprosjektet
- Ungdommens kompetansehus / kompetanse på vegen
- Setesdal næringshage
- Ds Bjoren AS

**Løyvingar til dei med vilje til å skape nye aktivitetar og auka attraktivitet**

Cuba-prosjektet, DS Bjoren MS, NM Akroparagliding, Color Line Setesdal Tour – Kristiansands Cykleklubb (KCK), Rock i Brokke, Rekordfestivalen på Hovden, Naturligvis på Evje, Setesdalsgildet – dette er med på å skape aktivitet relatert til ferie, fritid og opplevingar i sommarsesongen.

**DS Bjoren AS**

Styret har løyvt monalege rammer dei siste åra for at båten skal få den oppgraderinga som trengst og ha utgangspunkt for framtidig drift. I dette låg og føring for gjennomføring av ein eigen utviklingsplan for båten som del av reiselivmessig produkt og infrastruktur. Styret i regionrådet oppmoda styret i Bjoren om å finne ei varig driftsform i støtteperioden.

**Color Line Setesdal Tour**

Kristiansands Cykleklubb (KCK) tok initiativ til samarbeid med idrettslag, reiselivslag og regionrådet med sikte på å byggje opp sykkellaupet Kristiansand – Hovden og sykling i Setesdal. Gjennom samarbeidsavtale med KCK fekk ein til namneendring og gjort Setesdal synleg for ei viktig målgruppe som syklistar kan verte for Setesdal. Samarbeidet som KCK har med Color Line er og positivt som fellesnemnar for reiselivet og reisemåla våre. Samarbeidet starta i 2008 og er vidareført i 2010.



*Samarbeidet med Kristiansand Cykleklubb (KCK) har teke fleire steg vidare, og ein er i ferd med å profesjonalisere apparatet rundt sykkelrittet Setesdal Colorline Tour, gjennom marknadsføring og profilering.*

**REGIONALE PROSJEKT – LØYVINGAR OG TILTAK**

Desentralisert sjukepleiarutdanning	150 000
Setesdal næringshage – driftsstøtte – prosjekt	100 000
Color Line Setesdal Tour – utviklingsavtale	75 000
Kompetanse på vegen (Ungdomens kompetansehus)	170 000
OSS – Helsedialog	100 000
Folkemusikkprosjektet – driftsstøtte – prosjekt	150 000
Utviklingsplan Setesdal	300 000
IKT-plan Setesdal	150 000
D/S Bjoren, driftsstøtte	500 000
Prosjekt distriktsutdanning	50 000
Rv. 9 – utbyggingsreserve – fond	1 000 000
Rv. 9 – planleggingsfond	500 000
Sentrumsutvikling regionsenteret	100 000
Vertskommunesamarbeid, rutinar/avtaler (PPT)	20 000
Kvinnenettverk	50 000
Setesdalskonferansen	144 250
Sørlandske sommernetter	35 000
VOX – basisopplæring verksemder	513 200*
Mentor for reiselivskoordinator	100 000
Karrieredagar UiA	25 000
Temaavis Setesdølen 2010	100 000
Flexicat – Kongovitjing	25 000
VM-hundekøyring	20 000
NAV-oppfølging – konsulenttenester	25 000

\* finansiert med ekstern løyving

**Kulturprosjekt og omdømebygging**

Bok – Reidar Tveito, Byglandsfjord sag	7 500
Syklar til Cuba	25 000
Film Farms as	10 000
Setesdalslaget i Oslo – nyetablering	10 000
Agder kulturforum – Setesdalsseminar	5 000
Haukeliserfestivalen	10 000
Marknadsføring – Setesdalsmeieriet	10 000
NM Akro paragliding Bygland 2010	20 000

\* Nokre relaterte løyvingar med kommersiell karakter som festivalar osv. kom i tillegg frå næringsramma.





*Storingsrepresentant Svein Harberg overrekte den første Setesdalsprisen gjennom tidene til Saavi Nomeland. Prisen gjekk til Saavi Nomeland ut i frå at han i mange år og utan sidestykke har skapt og sikra arbeidsplassar og vore eit viktig talerøyr for bransjen sin.*

# 9

## NÆRINGSNYTT 2010

### SETESDALSPRISEN 2010

Styret oppretta Setesdalsprisen med eigne statuttar i 2010. Utmerkinga skal stimulere og inspirere til nyskaping og vidareutvikling av næringslivet i Setesdal. Prisen er ei løyving på kr. 10.000 saman med diplom. Prisen kan gå til eigar/leiar eller ei privat verksemd i Setesdal som i lengre tid eller siste året har virka på ein særleg positiv og fortenestfull måte.

Utmerkinga kan tildelast ut frå at vedkomande har gjort ein særleg innsats og nådd resultat når det gjeld

- skaping av eller sikring av arbeidsplassar i regionen
- lønsemd og verdiskaping i regionen
- positiv merksemd, marknadsføring og / eller sal på vegner av seg sjølv eller bransje
- banebrytande utvikling
- og / eller på annan måte utmerka seg på ein særleg positiv måte til beste for næringslivet i Setesdal

Det er eigen jury og prisutdelar blir førespurt frå år til år.

### Næringsarbeidet 2010

Skal ein lukkast med strategiane og få ei positiv folketalsutvikling i heile regionen, er arbeidsplassar og næringsutvikling ein føresetnad. Arbeidet med næringsutvikling og nærings saker er høgt prioritert av styret og administrasjonen.

Normalt vert det arbeid med einskildsaker i samarbeid med lokal 1. line-teneste, og ofte også med koordinering mot regionalt tiltaksapparat der det kan vere aktuelt. I 2010 vart det og brukt mykje tid på saker der Gründersenteret i Arendal medverka med rettleiing. Det var og gode tilbakemeldingar på Ny-Vekst og andre program distribuert gjennom Innovasjon Norge.

Ein opplever at det er eit lett og godt samarbeid mellom nivå og på tvers – også i praksis. Samarbeidet omfattar drøfting av saker og prinisipp, utveksling av kompetanse gjennom timebasert tenestekjøp til oppfølging og rettleiing av verksemder og aktørar. Ikkje minst prosjektleiing og initiering av tiltak som 1. lina ser som aktuelle er

naturlege område med pådrivarfunksjon for heile dalen. Medarbeidarane i 1.lina skal og ha ros for at dei hjelper over kommunegrensene for å få t.d. databasen for reiseliv oppgradert.

Tilsvarande er årlege «stunt» som Naturlegvis ikkje mogleg å delta på utan at landbruksansvarlege har teke dugnaden med å førebu og gjennomføre deltaking og utvikling av stand og materiell i lag med regionrådet. Samhandlinga med eit samla næringsliv skjer årleg gjennom Setesdalskonferansen og i ulike programkomitear, nettverk, kurs- og møteplassar som reiselivsforumet osv – der tiltaksapparatet møter leiarane i næringslivet.

Næringsarbeidet omfattar sakshandsaming og løyvingar frå næringsfond. Det gjeld m.a. gjennomføring av kompetansetiltak retta mot bransjar eller grupperingar av verksemder. Vi tek og prosjektansvar for gjennomføring av satsingar overfor bransjar og gjennomføring av fellestiltak som Setesdalskonferansen.





*Evjeklinikken AS er en spesialisert behandlingstilstand for folk med sjukleg overvekt. I 2010 starta dei utvikling av eit nettbasert system for pasientoppfølging i heimeperiodar. Løysinga integrerar kommunikasjon mellom pasient, fastlege og oppfølgingsteam ved klinikken via nett og telefon.*

I 2010 vart det gjennomført ei rad tiltak for næringslivet som er omtala under «Kompetanse» i årsmeldinga. Desse tiltaka er i høg grad gjennomført gjennom kjøp av tenester frå Evje utvikling til prosjektleiing og kurskoordinering. Tilsvarande vart det sett i gang eit matprosjekt («smaken av Setesdal») i samarbeid med næringskonsulenten i Valle.

I 2010 var det fleire «store» einskildsaker med både høg risiko og potensiale – og tilsvarande kapitalbehov. Etter samråding med Innovasjon Norge har ein funne ei samarbeidsform der ein drøftar sakene i fellesskap. Ofte tek regionrådet løyvingar opp til 200 – medan Innovasjon Norge, og Aust-Agder næringssselskap er budde på å gå inn i hovudprosjekt og etableringar som krev større investeringar og meir spesifikk kompetanse i saksutgreiinga.

Det var og relativt stor pågang av etablerarar og aktørar som utvikla nye arrangement og aktivitetar med ringverknadseffekt for reiseliv og handel – med festivalar og konseptutvikling osv. Nokre profesjonelle musistarar og kulturutøvarar fekk dessutan støtte til produktutvikling.

Løyvingane for 2010 femner frå tradisjonelt landbruk og mjølkevote-ordning og oppsving i nydyrkingssaker til aktivering av sosiale medium og utvikling av nettløysingar.

Det var ei tradisjonell industribygg-sak i 2010. Det vart elles ytt støtte til ei av hjørnesteinsverksemdene i reiselivet til investering i anlegg. Det vart også arbeitt med fleire verksemdar med tanke på vekst i bedrift – og for å tryggje eksisterande arbeidsplassar.

Mange av dei største og mest tidkrevjande sakene gjeld tilrettelegging, og er såleis ikkje å lese ut av oversikta over løyvingar. Ein har forventningar til at fleire av desse kan verte viktige etableringar i 2011. Prosjekt som fekk noko støtte er t.d. FlexiCat og Landesbogen.

I 2010 har ein og hatt dialog med Setesdal næringshage, Kompetanse på veggen og NAV-karriere for å finne grensensitt og område for samhandling. Det vart også lagt opp studietur for at det lokale apparatet skulle verte kjend med lokale ordningar og kvarandre for å få felles plattform. Turen vart ikkje gjennomført. Det har tidvis vore ei utfordring at det er vakansar og utskiftingar i næringsapparatet i kombinasjon med nyttilsettingar i prosjekta. Ein ser at det kan vere tenleg for aktørane og regionen å vurdere tettare samordning og kompetanseutveksling for å få meir robuste tenester og synergieffektar til beste for brukarar og kundar. Dette skal drøftast i 2011.





*Landeskogen Peacecenter AS: Helga Arntzen realiserer forretningside som kan bli det nye flaggskipet og motor for regionutvikling med mange dimensjonar og verdigrunnlag i tillegg til det komersielle. På Landskogen skal storpolitikk møte folkeleg engasjement. Ungdom frå mange land skal møtast og forstå at dei kan vere med å skape fred og bygge ned fordommar.*

#### Næringsutvikling – løyvingar

Mjølkekvotar	100 000
Evjetun leirstad	51 000
Stock as	200 000
Evjeklinikken – nettløysing – pasientoppfølging	90 000
Valle industribygg – investering bygg	100 000
O.K. Bø – produktutvikling	50 000
Trym Kristian Bjønnes – CD	49 000
Valle motell – kompetanse/konseptutvikling	50 000
Løyland sag – investering anlegg	50 000
Sven Reiersen / Marit Gjone – nydyrking	54 000
TrollAktiv – investering anlegg	140 750
Hasla – utviklingsprosjekt sosiale medium	51 500
Forskningsprosjekt – framtidswerkstad – heieplan	100 000
Evje Akvapark / Bjorå gartneri	50 000

Tre og Design Evje – etableringstilskot	15 000
Kirsten Bråten Berg – CD	25 000
Rock i Brokke 2010 – utviklingsstøtte	10 000
Rekordfestivalen Hovden – utviklingsstøtte	25 000
Valle naturkjøtt – etableringstilskot	25 000
Destinasjon Brokke – utviklingsprosjekt	25 000
Karianne Hovet / Else Berit Bø – etableringsstøtte	25 000
Landeskogen Peace Center AS – konseptutvikling	100 000
HH Båtbutikken DA – etableringsstøtte	30 000
Tappen DA – etableringsstøtte	37 500
Naturligvis – stand og materiell	50 000
Setesdalskonferansen	65 750

Tilrettelegging og bistand for næringslivet	1 569 500
---	-----------



# 10

## BALANSEREKNESKAP

	REKNESKAP 2010	REKNESKAP 2009
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>A. ANLEGGSMIDLAR</b>		
Utlån	489 655	1 066 489
Aksjar og andelar	457 837	456 848
Pensjonsmidlar	468 323	290 719
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 415 815</b>	<b>1 814 056</b>
<b>B. OMLØPSMIDLAR</b>		
Kortsiktige fordringar	959 261	5 295 622
Premieavvik	30 583	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	9 877 300	3 692 165
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>10 867 145</b>	<b>8 987 787</b>
<b>Sum eigedelar</b>	<b>12 282 960</b>	<b>10 801 843</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
<b>C. EIGENKAPITAL</b>		
Disposisjonsfond	-5 723 288	-4 276 548
Bundne driftsfond	-1 296 004	-281 731
Regnskapsmessig underskot	26 366	96 877
Kapitalkonto	-872 836	-1 457 800
<b>Sum egenkapital</b>	<b>-7 865 763</b>	<b>-5 919 202</b>
<b>D. GJELD</b>		
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		
Pensjonsforplikting	-542 582	-355 859
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>-542 582</b>	<b>-355 859</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Kassekredittlån	0	0
Anna kortsiktig gjeld	-3 874 615	-4 524 159
Premieavvik	0	-2 622
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-3 874 615</b>	<b>-4 526 781</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>-4 417 197</b>	<b>-4 882 640</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>-12 282 960</b>	<b>-10 801 843</b>

# 11

## DRIFTSREKNESKAP

	REKNESKAP 2010	REKNESKAP 2009
<b>DRIFTSREKNESKAP</b>		
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>		
Refusjoner	-8 326 171	-7 570 332
Overføringer	-4 150 000	0
Andre driftsinntekter	-401 944	-401 006
<b>Sum driftsinntekter B</b>	<b>-12 878 115</b>	<b>-7 971 339</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>		
Løn inkl. sosiale utgifter	1 837 103	1 423 329
Kjøp av varer og tenester	4 633 790	4 986 517
Overføringer	3 937 577	3 959 169
Andre driftsutgifter	401 944	401 006
<b>Sum driftsutgifter C</b>	<b>10 810 416</b>	<b>10 770 022</b>
<b>Driftsresultat D=B-C</b>	<b>-2 067 698</b>	<b>2 798 683</b>
<b>FINANSPOSTER</b>		
Renteinntekter	-120 574	-124 546
Renteutgifter	4 594	426
Utlån fra næringsfond	0	0
Mottakne avdrag på lån	-348 833	-254 418
<b>Ordinært resultat H</b>	<b>-2 532 513</b>	<b>2 420 145</b>
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>		
Avsetninger	3 047 573	644 925
Bruk av tidligere avsetninger	-515 060	-2 978 920
Brukt til fin. av utgifter i kapitalregnskapet	0	10 000
<b>Sum avsetninger J</b>	<b>2 532 513</b>	<b>-2 323 994</b>
<b>Regnskapsmessig resultat K=H+I-J</b>	<b>0</b>	<b>96 150</b>
Regnskapsmessig overskudd	0	0
Regnskapsmessig underskudd	0	-96 150
<b>DIFFERANSE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



**AKSJER OG ANDELER SOM ER FØRT OPP SOM ANLEGGSMIDLER  
AKSJER OG ANDELER I**

NAVN	BOKFØRT VERDI	MARKEDSVERDI	EIERANDEL
Egenkapitalinnskudd KLP	2 337,00		
Setesdal Bilruter L/L	445 500,00	953 752,00	5,46 %
Stiftinga Haukeliseterfestivalen	10 000,00		17,60 %
<b>Sum aksjer og andeler</b>	<b>457 837,00</b>		

**NOTE – SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR**

	BELØP
Bykle kommune	-1 400 683
Valle kommune	-1 300 000
Valle kommune	223 521
Bygland kommune	-1 300 000
Bygland kommune	185 275
Evje og Hornnes kommune	-1 300 000
Evje og Hornnes kommune	223 666

**NOTE – EKSTERNE INNTEKTER**

	REKNESKAP 2010	REKNESKAP 2009
Refusjon frå staten*	-3 035 217 *	-1 148 771
Refusjon frå fylkeskommunen	-3 866 421 **	-1 200 000
Andre refusjonar	-273 849	-21 561
<b>Totalt</b>	<b>-7 175 487</b>	<b>-2 370 332</b>

\* Refusjonane omfattar i hovudsak løyvingar til ymse helseprosjekt og refusjon på rapporterte prosjekt under kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift.

\*\* Midlar gjennom «Konsesjonskraftavtalen» mellom kommunane og Aust-Agder fylkeskommune.

**NOTE – BEMANNING OG YTINGAR  
TIL LEDANDE PERSONAR**

	REKNESKAP 2010	REKNESKAP 2009
Bemannning i årsverk	1,77	1,8
Løn dagleg leiar	648 241	650 706
Løn styreleiar	130 000	120 000
Godtgjering revisor:		
- revisjon	12 060	11 160
- bistand	10 208	2 766

# 12

## REVISJONSBERETNING

**Setesdal Revisjonsdistrikt IKS**  
- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-lveland -

Til styret i Setesdal Regionråd

**REVISORS BERETNING FOR 2010**

**Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd, som består av balanse per 31. desember 2010, driftsregnskap som viser et ordinært resultat på kr 2.532.513,20 og et regnskapsmessig resultat på kr 0,- og kapitalregnskap avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

*Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsmessig, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for samarbeidets utarbeidelse av et årsregnskap som gir en dekkende fremstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av samarbeidets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatenes utarbeidelse av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Setesdal Regionråd per 31. desember 2010, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsmessig i Norge.

TELEFON	E-POST	POSTADRESSE	ORG NR
Risingård 379 32 360	risvingard@h.kommune.no	Evjeemoen	97662652
Råsten 379 32 361	ostli@h.kommune.no	4735 EVJE	
Pyten 379 32 362	tytten@h.kommune.no	BESØKSADRESSE	BANKKONTONR
Mobilif 916 31 488		Evjeemoen	2901.11.01788

**Uttalelser om øvrige forhold**
**Konklusjon om budsjett**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

**Konklusjon om årsberetningen**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift (og forslaget til anvendelse av overskuddet/dekning av tap) er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktig registrering og dokumentasjon av samarbeidets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsmessig i Norge.

Evje, 16.05.2011  
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS  
*Steinar Risingård*  
Steinar Risingård  
Revisjonssjef



# 13

## HANDLINGSPLAN 2011

Representantskapet handsama budsjettet som føring og arbeidsplan for verksemda til regionrådet i 2011.

I tillegg var det gjeve rom for å supplere aktiviteten med det ein måtte kome fram til i arbeidet med utviklingsplan for Setesdal.

### Handlingsplanen som vart godkjent for 2011

Satsingsområde	Strategi	Tiltak
Attraktivitet	Folketalsvekst og rekruttering	Utarbeide rekrutteringsplan.
Infrastruktur	Rv. 9 vert bygd ferdig	Utarbeide og vedta ei ny setesdalspakke.
	Berekraftig arealforvaltning	Sikre eit sterkt fagmiljø innan arealplanlegging.
Næringsutvikling	Kunnskapsbasert vekst og nyskapning	Vidareutvikle regionale nettverk og møteplassar for næringslivet.
		Gjennomføre eit FOU-prosjekt innan immobile ressursar, innovasjon og verdiskaping i landbruk og reiseliv.
	Utnytte lokale føremonar	Vidareutvikle ei sams og koordinert reiselivssatsing.
	Koordinert og profesjonelt næringsapparat	Arbeide aktivt for at regionen vert eit føredøme i satsing på bioenergi.
Interkommunalt samarbeid	Samordna tenesteproduksjon	Få fram korleis næringslivet kan bruke næringsapparatet og offentlege satsingar.
		Utvikle rasjonelle arbeids-, samhandlings- og møteformer mellom kommunane og interkomm. samarbeid.
	Aktiv bruk av IKT	Etablere eit formelt IKT-samarbeid.
	Lærelyst og kompetanse	Utvikle eit godt tilbod innan etter- og vidareutdanning.
	Trygt, kompetent og nært helsetilbod	Møte helsereforma på ein aktiv måte, mellom anna gjennom ei vidareføring av prosjekt som er sette i gang. Vere førebudd på eldrebølgja gjennom eit godt utdanningstilbod og aktiv rekruttering innan helserelevante yrke.
Attraktiv arbeidsgjevar	Etablere ein sams arbeidsgjevarpolitikk og samarbeide om å rekruttere, utvikle og halde på dugande tilsette.	

### Takkehelsingar frå dagleg leiar

Takk til alle som er med på å utløyse gode krefter og er med i utviklinga av Setesdal.

Særskild takk til dei som gjer arbeidet og kvardagane både menings- og humørfylte!

*Signe Sollien Haugå*

Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR

UTGJEVAR: Setesdal Regionråd

TEKST: Signe Sollien Haugå

DESIGN: Kjetså Design AS

FOTO: Marit Simonstad Kvaale,  
Setesdølen s 28

TRYKK: Setesdalstrykk AS





BYKLE  
KOMMUNE



VALLE  
KOMMUNE



BYGLAND  
KOMMUNE



EVJE OG HORNNES  
KOMMUNE

**Setesdal Regionråd (SR)** er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Vi har tre hovudarbeidsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

Alt vi gjer er mynta på at det skal vere godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Vi er og opptekne av å ta vare på eigenarten her.

